

## F-1 Skildring av tiltaket

### Bustadkropp

Me har prosjektert ein tomannsbustad på eit plan, utan loft. Kvar eining er om lag 80 kvadratmeter. Huset har saltak, med lav takvinkel. Spesielt med tanke på naboar bak skal få mest mogleg utsikt, lys og luft.

Huset er plassert med hovudfasade ( stove/kjøkken) mot aust. Slik det er synt på plankartet. Me har vurdert dette som den beste løysinga for tiltaket.

Sidan me har prosjektert utan underetasje vert huset og utomhusareal også meir usjenert frå den store felleisleikeplassen som er foran tomta

Etter å ha vore i dialog med naboar, ynskjer me å søkje om dispensasjon frå krav til takvinkel frå reguleringsføresegner der kommunen sine 5+5 hovudprinsipp om byggeskikk gjeld føre. Me søker no om takvinkel på 25 grader. Særlege grunnar til dette er: Stor tap av utsikt, lys og luft, spesielt for naboar bak

### Innhald

Inngang ligg i mot vest, kvart husvære inneheldt i entrè/hall, bod, bad, to soverom, og stove/kjøkken. Stove har utgang til terrasse på om lag 10 kvadratmeter. Begge husværa har kvar sin utebod, som er på kvar gavl ved inngangspartiet. Denne gjer også at ein får lune solkrokar ved huset. Me nyttar velkjente og gode materialval.

### Avkjørsle og parkering

Kvar eining får eigen avkjørsle. Ei på kvar side av tiltaket. Tomta ligg i enden av vegen så her er det liten trafikk. Utforminga av avkjørsle vil følgja Lindås kommune, teknisk drift sitt "Vedlegg 1. Krav til avkjørsle".

Parkering skjer på eiga tomt. I tillegg har me vist plassering av framtidig garasje til kvar eining..

### Tomta

Tomta på litt over 1000 kvadratmeter er relativt flat i øvre del og bratt ned mot felles leikeareal. Slik me har prosjektert vert det lite fjell som må sprengast, og ikkje så mykje fylling. Det vert ei mindre skjering bak mot veg. Slik me har plassert tiltaket vert det god plass til parkering, samtidig som utomhusareala framom huset vert ok utnytta. Det vil vere greie soltilhøve. Begge husværa vil ha god tilkomst til sine hagar på kvar si side av tiltaket. Det er i våre planar at me skal ferdigstille utomhusareala på tomta.

### Naboar

Me har heile tida hatt ein open og god dialog med naboane. Synt dei våre planar og skisser. Gjennom den gode dialogen meiner me at dette er den beste løysinga på tiltaket. Me har ikkje fått merknadar frå nokon.

Gjervik Ytre  
5914 Isdalstø

**HEILSKAPS  
LØYSING  
MED  
KVALITET  
I FOKUS**

**fax:**  
56 35 45 38  
**Mobiltelefon:**  
92 60 82 36  
**Email:**  
post@  
reigstadbygg.no

**Org.nr :**  
982 231 345  
mva

### Bygg

**Geir  
Reigstad:**  
92 60 82 35

**Håkon  
Reigstad**  
92 60 82 36

Teikning  
Prosjektering,  
Byggemelding  
Rehabilitering  
oppføring av:  
Nybygg  
Tilbygg  
Bustad  
Garasjar  
Hytter

### Vaktmeister

Veilikehald  
Og periodisk  
Ettersyn

### Entreprenør

**Rolf  
Reigstad**  
90 03 97 61

Graving,  
Boring  
Sprenging  
Transport  
Støyping  
Natursteins  
Muring  
Uteareal  
Grøntareal